



## NYE VOLDA KOMMUNE

# MØTEPROTOKOLL

**Utval:** Fellesnemnd for nye Volda kommune  
**Møtestad:** Voldsfjorden, Volda rådhus  
**Dato:** 06.09.2018  
**Tid:** 14:00

Faste medlemmer som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Stig Olav Lødemel	Leiar	H
Sølvi Dimmen	Medlem	SP
Odd Harald Sundal	Medlem	SP
Margrete Bjerkvik	Medlem	KRF
Odd Arne Folkestad	Medlem	FRP
Randi Langlo	Medlem	AP
Eldar Engelund	Medlem	SP
Bente Tryggestad	Medlem	SP
Brynhild Lund Notøy	Medlem	V

Faste medlemmer som ikkje møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Jørgen Amdam	NESTL	AP

Varamedlemer som møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Hild Våge	Jørgen Amdam	AP

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Rune Sjurgard	Rådmann i Volda/Prosjektleiar nye Volda
Ann Kristin Langeland	Rådmann i Hornindal

# SAKLISTE

<b>Saksnr.</b>	<b>Sak</b>
PS 32/18	<b>Godkjenning av innkalling og sakliste</b>
PS 33/18	<b>Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte</b>
PS 34/18	<b>Økonomirapport Nye Volda - August 2018</b>
PS 35/18	<b>Grafisk profil i nye Volda kommune</b>
PS 36/18	<b>Politisk organisering og reglement for utval i nye Volda kommune</b>
PS 37/18	<b>Orienteringssaker</b>
OS 35/18	<b>Prosjektplan ny kommune Volda-Hornindal - revidert 21.06.2018</b>
OS 36/18	<b>Vedtak om grensejustering mellom kommunane Ørsta, Volda og Hornindal - Bjørke</b>
OS 37/18	<b>Statusrapport om samanslåingsprosjektet</b>
OS 38/18	<b>Prosess med avtaler i samband med kommunesamanslåing Hornindal og Volda</b>
OS 39/18	<b>Innkjøpsregelverk og organisasjonsnummer</b>
OS 40/18	<b>Eventuell revidering av møteplan 2018</b>
PS 38/18	<b>Referatsaker</b>
RS 1/18	<b>Protokoll frå møte i Kyrkjeleg fellesnemnd for Nye Volda</b>

## **PS 32/18 Godkjenning av innkalling og sakliste**

### **Handsaming:**

#### Innkalling

Ingen merknadar.

#### Sakliste

Til møtet vart det lagt fram ei ekstrasak frå administrasjonen i Volda kommune om å formalisere rekkjefølgja på varamedlemmer i Fellesnemnda og for valstyret for Nye Volda. Leiar i Fellesnemnda ønskte at Volda kommune sjølv vedtek rekkjefølgja på varamedlemene for Volda sine representantar i Fellesnemnda. Denne saka vert å kome attende til ved neste møte.

Prosjektleiaren orienterte også kort om utbetaling av premien i samband med idékonkurransen om kommunevåpen.

### **Røysting:**

Innkalling og sakliste vart samrøystes godkjent med dei merknadane som ligg føre i handsaminga over.

## **PS 33/18 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte**

### **Handsaming:**

### **Røysting:**

Protokollen frå førre møtet vart samrøystes godkjent.

## **PS 34/18 Økonomirapport Nye Volda - August 2018**

### **Handsaming:**

### **Røysting:**

Administrasjonens tilråding samrøystes vedteken.

## **Vedtak i Fellesnemnd for nye Volda kommune - 06.09.2018**

*Økonomirapport august for Nye Volda vert teke til vitende.*

*Fellesnemnda godkjenner at kompensasjon for meiransvar og oppgåver i samband med samanslåingsprosessen vert dekt av prosjektmidlane.*

### **Administrasjonen si tilråding:**

Økonomirapport august for Nye Volda vert teke til vitende.

Fellesnemnda godkjenner at kompensasjon for meiransvar og oppgåver i samband med samanslåingsprosessen vert dekt av prosjektmidlane.

## **PS 35/18 Grafisk profil i nye Volda kommune**

### **Handsaming:**

### **Røysting:**

Administrasjonens tilråding samrøystes vedteken.

### **Vedtak i Fellesnemnd for nye Volda kommune - 06.09.2018**

*Fellesnemnda tek framlegg til prosess for ny grafisk profil til vitende.*

### **Administrasjonen si tilråding:**

**Fellesnemnda tek framlegg til prosess for ny grafisk profil til vitende.**

## **PS 36/18 Politisk organisering og reglement for utval i nye Volda kommune**

### **Handsaming:**

I notatet som vart sendt ut på høyring låg det også ved etiske retningslinjer, som vedkjem både folkevalde og tilsette. Etersom sistnemnde ikkje har vore høyrde i denne prosessen kom prosjektleiar med slikt framlegg til alternativt vedtak:

*«Fellesnemnda vedtek organisasjonskomiteen sitt forslag om ny politisk organisering, med unntak av forslag til etiske retningslinjer som vert handsama som eiga sak.»*

Som eit tilleggspunkt ønskte prosjektleiar å gjere ei redaksjonell endring i Reglement for kommunestyre, punkt 14, 2 avsnitt, 1 setning til å lyde:

*«Spørsmål og svar vert lagt ut til representantane til møtet.»*

### **Røysting:**

Administrasjonens alternative framlegg til vedtak vart samrøystes vedteken.

### **Vedtak i Fellesnemnd for nye Volda kommune - 06.09.2018**

*Fellesnemnda vedtek organisasjonskomiteen sitt forslag om ny politisk organisering, med unntak av forslag til etiske retningslinjer som vert handsama som eiga sak.*

*Reglement for kommunestyre, punkt 14, 2 avsnitt, 1 setning vert endra til:*

*«Spørsmål og svar vert lagt ut til representantane til møtet.»*

### **Administrasjonen si tilråding:**

**Fellesnemnda vedtek organisasjonskomiteen sitt forslag om ny politisk organisering.**

<<Skriv innstilling ovanfor denne teksten – ikkje slett denne meldinga – den kjem ikkje med på utskrifta>>**PS 37/18 Orienteringssaker**

## **OS 35/18 Prosjektplan ny kommune Volda-Hornindal - revidert 21.06.2018**

Fellesnemnda tok den oppdaterte prosjektplanen til vitende.

## **OS 36/18 Vedtak om grensejustering mellom kommunane Ørsta, Volda og Hornindal - Bjørke**

Fellesnemnda var samde om at etter dette vedtaket, vil det vere naturleg å ha informasjonsmøte på Bjørke/Viddal. Leiar i Fellesnemnda la til nemnda har planar om å leggje møter til dei ulike krinsane i Nye Volda framover, og det vil då bli arrangert ha informasjonsmøter rett i etterkant av slike møter.

Leiar i Fellesnemnda la også til at Nye Volda, Ørsta og Fylkesmannen i Møre og Romsdal hadde møte i august, der vidare prosess med grensejustering vart drøfta. Administrativt er det to lovheimlar i inndelingslova som denne prosessen omfattar: § 19 (grensejustering) og § 21 (erstatning).

## **OS 37/18 Statusrapport om samanslåingsprosjektet**

Prosjektleiar Rune Sjugard med grundig gjennomgang av statusen på samanslåingsprosjektet. Sjugard presenterte mellom anna ein tidsplan med fleire milepålar fram mot 2020.

Presentasjonen til Sjugard vil leggjast ut på [www.nyevolda.no](http://www.nyevolda.no) for meir utfyllande informasjon.

## **OS 38/18 Prosess med avtaler i samband med kommunesamanslåing Hornindal og Volda**

Fellesnemnda hadde ingen merknadar til prosessen med avtalar og innkjøpsregelverk i samband med kommunesamanslåinga.

## **OS 39/18 Innkjøpsregelverk og organisasjonsnummer**

## **OS 40/18 Eventuell revidering av møteplan 2018**

Fellesnemnda vert å kome med eit framlegg til møteplan der ein legg møta til grendelaga. Sølvi Dimmen spelte inn at ein til dømes kan nytte skulane som utgangspunkt for møtelokalisasjon.

## **PS 38/18 Referatsaker**

## **RS 1/18 Protokoll frå møte i Kyrkjeleg fellesnemnd for Nye Volda**